

Årsmøte i Røysaleite grendalag

Til stade: Rune Røysum, Mari Aune, Sindre B. Ramung

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar Mari bemerkta at innkallinga vart sendt ut med noko kortare frist enn dei to vekene føresegnene tilseier. Innkallinga og saklista vart godkjende med denne merknaden.

2. Val av møteleiar og skrivar

Mari Aune vart vald som møteleiar.

Sindre vart vald som skrivar.

Mari og Rune vart valde til å signere møteprotokollen.

3. Årsmelding

Årsmeldinga vart godkjend med nokre mindre endringar.

4. Val

Det kom forslag om at styret vert utvida med ein fast plass til fire medlemmar. Forslaget blei vedteke.

Linn Sofie Stavn Ugulen og Mari Aune vert valde som styremedlemmar for 2020-21.

Styret konstituerer seg sjølv jf. vedtekene.

Ruthild Dale og Hilde Katrine Engeli vert valde som 1.vara og 2.vara for perioden 2020-21.

Årsmøtet vel Ruthild Dale og Stian Bøyum som nye medlemmar av valnemnda for 2020-21.

5. Rekneskap

Rekneskapen for 2019 vart vedteken.

6. Kontingent

Kontingentsatsen for 2020 vert 200 kr pr husstand.

7. Handlingsplan

Årsmøtet vedtok følgjande tiltak for 2020:

- Male og setje i stand dukkestova i Dalhjellevegen
- Felle grantrær i krysset under Elihaug (på vilkår av at ein får løyve frå naboane)
- Rydde fotballbana i Nilstræet og fikse dekket
- Redskapsskur med kodelås til utstyr i lavvoen
- Bensindreven grasklyppar til fellesareala
- Brunsnegle-aksjon 2.0 med bryggeri-mask

Og følgjande vedlikehaldstiltak:

- Impregnere duk, olje stokkar og vedlikehalde saumar på lavvoen
- Beising av leikeapparat og benkar

Tiltaka vil bli gjennomført med atterhald om dugnadsinnsats og budsjettdekning.

I tillegg vil årsmøtet at styret tek initiativ til ein internasjonal fest i Nilstræet. Kan vere i samband med dugnad eller Jonsok-feiring.

Møtet vart avslutta kl 21.45.

Protokollen er godkjend av